



Konfirmasjonane er gjennomført trass korona



6 Sjå alle konfirmantane inni bladet.



4 Forfølging av kristne aukar

5 På tide å byggja lauvhytte?

8 Hogne har ordet

12 Alt har si tid

Kyrjekontoret i Øygarden har fått nytt telefonnummer: 400 03 316

Sentralbordet har fått eit nytt telefonnummer: 400 03 316.
Telefonen er ope måndag-fredag kl. 10.00-14.00

Personallytt

Olav Martin Vik gjekk av som kyrkjevevje 01.09. Fram til 01.04.2021 vert Olav Martin rådgivar og skal mellom anna drive opplæring og kompetanseformidling internt i organisasjonen. Han vil også vere redaktør for Fjell kyrkjeblad og ØyNytt ut dette året.

Utleige og utlån av kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus

Frå og med 1. oktober er det mogeleg å leige/låne kyrkjelydssalar og kyrkjelydshus slik ein kunne før koronatida. Det er innført særskilte reglar for smittereinhold og smittesporing. Leigetakar/låntakar er ansvarleg for reinhold og registrering av deltakarar.

Ta kontakt med kyrjekontoret for spørsmål om leige/utlån, telefon 400 03 316, eller e-post: post.oygarden@kyrkja.no

Kyrkjevevja

Fellesskapskveld

Soknerådet inviterer til
Fellesskapskveld i Blomvåg
barnehage 12. november kl. 19.00.
Det vart andakt, song, omvising
i den nye barnehagen og mat.

Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik
Redaktør



Me planlegg og tenkjer gode tankar om framtida. Alt me skal gjere, alle stadar me skal reise til og korleis me skal organisere arbeidsdagen og fritida vår. Me har hatt det godt, me som bur i Noreg. Fridom, dei aller fleste har eit arbeid å gå til, og pensjon når me kjem så langt. Staten har masse pengar om det røyner på. Men, så veit me at mange slit med sjukdom gjennom livet, arbeidsløyse og andre utfordringar som set grenser for kva ein kan gjere og delta på. For mange kring i verda så handlar det om å overleve. Det er ikkje lett å sette seg inn i.

Covid-19 har råka oss alle. No får me alle erfare at me rår ikkje med alt. Me har fått erfare at det vert sett grenser for kva me kan finne på. Ingen reiser til utlandet, grenser for reiser innlands, me kan ikkje vere like sosiale som før og me kan til tider knapt nok vere saman med familie. Det me har tatt som sjølvstøtte er ikkje sjølvstøtte lenger og me rår ikkje med det. Det er god lærdom, sjølv om me skulle vore forutan Covid-19. Me må be Gud fri oss og verda rundt oss for dette viruset. Det råkar mest der folk har det ille frå før. Be også for dei!

Forfølging av kristne kring i verda aukar. Ufattelege 260 millionar kristne lir under forfølging. Me høyrer og ser lite om det i media. På side 15 finn du lenker til organisasjonar som arbeider for dei forfølgde. Søndag 8. november vert markert kring i verda, som dei forfølgde sin dag. Be for dei forfølgde!

Himmelen kunngjer Guds ære, kvelven fortel om det hans hender har gjort

Salme 19, 2

Andakt

For så høyt har Gud elsket verden
at han gav sin Sønn, den enbårne,
for at hver den som tror på ham,
ikke skal gå fortapt, men ha evig liv.


«Den lille bibel» eller Johannes 3, 16, det verset som kan sies å romme kjernen i Bibelens fortelling. Selv om et vers ikke kan måles med Bibelen som helhet finner man jo noe sentralt i dette verset.

Gud elsket verden som han hadde skapt og han elsker deg som er en del av den. Hans kjærlighet til oss er så stor at det iblant kan være vanskelig å forstå det. Og det er kanskje en av de mer utfordrende sidene ved troen; det er ikke alltid vi forstår det.

Vi klarer ikke troen eller livet på egenhånd, selv om vi gjerne liker å prøve. Vi trenger Jesus og det som ble gjort for oss da han døde på korset og stod opp igjen. Han tok vår plass. Vi kan prøve å være og bli bedre, men gjerningene våre er ikke det Gud måler oss på. Han ser forbi alt dette, han ser til hjertet og han har dag for dag ny nåde som vi alle kan få leve i.

Jeg blir stadig minnet på at dette er ganske fantastisk. At han ser oss slik, oss alminnelige mennesker. Vi kan få leve livet i hans kjærlighet fordi han har gjort det største av alt: sendt sin sønn til verden, for å frelse oss og få leve i felleskap med ham nå og i evigheten.

Maria A. Stokke
Ungdomsarbeidar



ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut i 2020:

9. oktober
11. desember
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

Utgjevar: Øygarden sokneråd
Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik
Grafisk produksjon: Yngvild Mørner Sørheim
Trykk: Bodoni AS

Miljømerket trykksak 2041 0699

Kontingent: Kr 125 i Hjelme og Blomvåg sokn / Kr 175 utanfor Hjelme og Blomvåg sokn

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer:
1503.84.37590 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellestråd

Telefon: 400 03 316

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på:
www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: kyrkjaioygarden

Soknepresten i

Hjelme og Blomvåg:

Espen Sigve Tveten

E-post: et838@kyrkja.no

Telefon: 91 61 78 00

Leiar i soknerådet:

Erling Vik

E-post: erl-vik@online.no

Org. nr. Øygarden kyrkjelege

fellestråd: 976 995 430

Gåver kan du også gje ved bruk

av appen Vipps

Forfølgning av kristne aukar

Kring 260 millioner kristne vert forfølgd for si tru over heile verda, ifølge den kristne organisasjonen «Åpne Dører».

Nord-Korea er verst og ligg øvst på World Watch List (2020) som meiner at mellom 200.000 og 400.000 kristne er i arbeidsleirar i regi av styrmaktene.

Kina har innført sterkare kontroll med kristne. Der aukar også talet på kristne. Mellom dei 10 verste landa i forfølgning finn ein mellom anna Somalia og India.

I Midtausten generelt vert kristne minoritetar fordriven.

I Nigeria vart over 3700 kristne drept i 2018, det er nesten dobbelt så mange som året før. Landet er råka av den største delen av rapporterte drap dokumentert i rapporten.

Les meir på: www.opendoors.no

Ein annan organisasjon som arbeider for forfølgde kristne er Stefanusalliansen.

Søndag 8. november vert markert som dei forfølgde sin dag, over heile verda. Stefanusalliansen skriv dette: «Denne dagen står vi sammen i solidaritet med kristne over hele verden som opplever diskriminering og forfølgelse. Samtidig står vi opp for retten til trosfrihet for alle mennesker»

Les meir på: www.stefanus.no



Mama Maggie i søppelbyen. Foto: Bjørn A. Wegge

Land med ekstrem høg forfølgning av kristne:

- | | |
|----------------|-----------|
| 1. Nord-Korea | 7. Sudan |
| 2. Afghanistan | 8. Jemen |
| 3. Somalia | 9. Iran |
| 4. Libya | 10. India |
| 5. Pakistan | 11. Syria |
| 6. Eritrea | |

Misjonsavtale

I Egypt, som står på ein 16. plass, har kyrkjelydane i Øygarden ein misjonsavtale med Stefanusalliansen. Den omfattar Mama Maggie sitt arbeid mellom kristne på «søppelfjellet» i Kairo. Der er kristne forvist til å sortere byens søppel.


Bispevisitas i Hjelme og Blomvåg

Biskop Halvor Nordhaug kjem på visitas i februar. Han skal verta kjent med kyrkjelydsarbeidet, inspirera og rettleia. Opne arrangement under visitasen vert Fellesskapskveld i Hjelme kyrkje 3. februar kl. 19.00 og Visitasgudsteneste med visitasforedrag og kyrkjekaffi 7. februar kl. 11.00.



Biskop Halvor Nordhaug i Foldnes kyrkje.

På tide å byggja ei lauvhytte?



Kristendom er iblant lettare *gjort enn sagt*. Å tenne eit lys, delta i nattverden, bere eit barn til dåp, delta på eit arrangement, gjere ei god gjerning er synlege teikn der trua vert omgjort til praksis. I Israel bygger dei lauvhytter som eit praktisk uttrykk for gleda i å høyra til hos Gud.

Espen Sigve Tveten

Sokneprest Hjelme og Blomvåg



Denne lauvhyttefesten skal eg koma attende til, men først vil eg røpa kva slags ledd i liturgien eg har mest sans for no til dags. Det er den enkle korte bønna rett etter at me har samla inn kollekten. Bønna er slik: «Evide Gud, di er jorda og alt det som fyller henne. Alt vi eig høyrrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen».

Dette er ei radikal bøn. Alt vårt er eigentleg Gud sitt står det. Difor er me eigentleg ikkje spesielt fromme om me legg nokre setlar i kollektkorga. Og viss me i bønna ser ein Gud som krev og forlangar, har me bomma på bodskapen. For når me fortset med at ... «alt me eig høyrrer deg til» vert me lukka inn i ein heilskap, der alt rundt oss er ei gåve og der Gud er god både av natur og i gjerning.

Om me tenker at alt er vårt, og at me har fortennt både hus, bil og pengar, kan det vere vanskeleg å vere raus. Me vil gjerne tvihalde på vårt eige. Men om me tenker at alt me har er gåver frå Gud, kan det vere lettare å gje tilbake. «Av ditt eige gjev vi deg tilbake». Slik kan pengar, bil og hus gjerast om til velsigning for andre.

Lauvhyttefest

Å få tilhøyra Gud gjev glede. Denne gleda synest tydeleg i Israel kvart år og no kjem

eg tilbake til desse lauvhyttene. Frå Jesus var liten gut bygde han og familien ei lauvhytte, slik alle andre jødar òg gjorde det. I den hytta var familien samla ei heil veke, og dei gledde seg til denne annleisveka. Denne veka var sett av til glede, og framleis feirar jødane denne lauvhyttefesten.

Lauvhyttefesten er ein av tre store jødiske høgtider. Høgtida er til minne om tida då israelittane vandra i ørkenen og budde i telt og hytter. Sjølv om dei vandra i ørkenen i 40 år, var Gud der og beskytta dei. Og ikkje berre var det folket, men Gud òg hadde eit telt; Gud var nærverande i teltet som fekk namnet tabernaklet. Når jødane no feirar denne festen, er det for å følgja 3. Mosebok 23, 43: «Då skal de bu i lauvhytter i sju dagar. Alle som er fødte i Israel, skal bu i lauvhytter, ⁴³ så etterkomarane dykkar skal vita at eg lét israelittane bu i hytter då eg førte dei ut frå Egypt. Eg er Herren dykkar Gud.»

Jesus er vår hyttes gjest

Grundtvig skriv i «Det kimer nå til julefest»: ...Nå kom den store løvsalsfest. Nå ble vår Herre hyttens gjest.» Me feirar ikkje lauvhyttefesten som høgtid hjå oss, og me trur at Gud på ny greip inni historia då Jesus vart født. Men like fullt gjev denne

jødiske tradisjonen oss mykje god arv til å forvalta gleda og livet. Her følgjer nokre døme me kan ta med vidare.

Arven frå lauvhyttefesten

- Lauvhytta skal minne om gleda i at Gud gjev ly og vern. Likevel skal ikkje taket vere for tett. Slik kan ein sjå stjernene gjennom det, eit teikn på dei mange velsigningar. Me vert minna om at me har ein himmel over livet. Tel velsigningar, slik du tel stjerner.

- Me skal gleda oss over innhausting av korn, frukt og grønnsaker. Det er viktig å gleda seg over markens grøde. Det daglege brødet er Guds godeleik til deg.

- Lauvhytta skal ikkje vere solid bygd. Den er midlertidig og vart tatt med til neste teltleir. Me skal heller ikkje leva med så djupe teltpluggar at me ikkje kan bryta opp om Gud kallar. Sjølv livet er òg midlertidig, og me må hugsa at me ein gong må bryta opp frå livet her på jorda.

- Hyttene vert ofte satt opp med berre tre veggjar. Dei opne hyttene viser at alle er velkomen innom og ingen skal sitja åleine. Du er aldri åleine, alltid i Guds hand

God haust.

Gratulasjon til konfirmantane 2020

Me gratulerer konfirmantane våre og takkar for ei flott tid saman med dei! Helsing kyrkjestaben i Hjelme og Blomvåg.

Foto: Torgeir S. Johannesen / tsjfoto.no



Blomvåg kyrkje laurdag 5. september kl. 10.30

Bak frå venstre: Lucas Dale Hellesund, Hogne Berland, Espen Tveten, Fredrik Johannes Turøy Hjelme, Matilde Solsvik.

Midten frå venstre: Mathilde Karin Dale, Lukas Ivan Andersen, Marcus Misje, Daniel Misje, Fredik Jensen Rørvik, Kristian Ekse-Strandheim.

Framme frå venstre: Stina Rong Sæle, Vendla Vatne Torsvik, Karita Kvalheim Kleppstø, Andrea Turøy Fjeldstad, Solveig Vik.



Blomvåg kyrkje laurdag 5. september kl. 13.00

Bak frå venstre: Mathilde Karin Dale, Elias Solsvik, Espen Tveten, Hogne Berland, Elias Hellebø, Matilde Solsvik.

Midten frå venstre: Gabriel Sæle, Jakob Romarheim Vik, Stian Nygård Fuglevand, William Breivik, Gunnar Fromholtz Olsen, Ronja Risløv.

Framme frå venstre: Nathalie Moldeklev Nylund, Alida Hagenes, Amalie Fagerli, Alida Oen Rossnes, Sigrid Ellisiv Sjøstrøm.



Blomvåg kyrkje laurdag 12. september kl. 10.30

Bak frå venstre: Mathilde Karin Dale, Espen Tveten, Hogne Berland, Matilde Solsvik.

Midten frå venstre: Anders Vik, Simen Falch Rong, Kristoffer Westby, Trane Sebastian Stockman-Rong, Malin Herdlevær.

Framme frå venstre: Sol Alexandra Almeland Midthus, Serena Mary Linley, Bertine Blom, Tuva Blom Hellesund, Verena Ledang Helle.



Blomvåg kyrkje laurdag 12. september kl. 13.00

Bak frå venstre: Mathilde Karin Dale, Henrik Hatløy Øvreås, Alexander Sæle Villanger, Espen Tveten, Alexander Misje Steinstø, Hogne Berland, Kim William Finsås.

Midten frå venstre: Jostein Teigen Elde, Noah Drange Rong, Simen Nikolai Rykke, Markus Risa Fjeldstad, Matilde Solsvik.

Framme frå venstre: Marte Dale, Maria Flåten, Lea Marie Storebø Øyeflaten, Naomi Zenobia Rong Weeks.



Hjelme kyrkje søndag 13. september kl. 11.00

Bak frå venstre: Mathilde Karin Dale, Espen Tveten, Hogne Berland, Matilde Solsvik.

Midten frå venstre: Joakim Sævdal Hellesund, Marius Bakken, Jørgen Bertin Nakken, Philip Leander Rommetveit, Robert Nikolai Knappen Svellingen, Daniel Antoni Ramstad, Patrick Solbakk Kleivane.

Framme frå venstre: Selina Skjold, Hild Elida Sanden, Nadin Harkestad, Solveig Børve Skjold, Emma Wolff Harkestad, Malin Breivik, Oda Marie Myhre.

Alle vart konfirmert

Koronaen har verkeleg sett oss på prøve. Me er vane med at det me har gjort i mange år går på skinner, i alle fall at me kan rå med det meste som dukkar opp av uføresette ting og tang. Koronaen rår me ikkje heilt med og konfirmasjonane vart utsett til no haust, men fortsatt regulert av eit smittevernregime. Me seier takk til tålmodige konfirmantar og foreldre og til alle som medverkar i våre gudstenestelege samanhengar. Me presenterer nokre av dei medverkande i Blomvåg kyrkje, men det er mange fleire. Takk til dykk alle som medverkar til at alt går rundt, også i koronatider.



Matilde Solsvik, Annabell Njøten Blom og Anna Christina Knudsen gjorde ein fin innsats.



Donald Seifried var på plass som parkeringsvakt.

Hogne har ordet

Hogne Berland

Kyrkjelydspedagog



Når eg ser kristen tru framstilt på tv eller på nett, så får eg ofte inntrykket av at det å vera kristen handlar om å følgja eit sett med reglar. Det ser ut til at det å vera kristen handlar om å følgja dei 10 boda, pluss ein heil del andre uoffisielle kristne reglar. Til dømes å gå i kyrkja kvar søndag eller å lese så og så mykje i Bibelen. Dette er ikkje heilt feil, men samtidig heilt feil! Eg skal forklara kva eg meiner.

Ja, Bibelen inneheld bod og reglar. Dei 10 boda er gode levereglar som kan hjelpe oss til å få gode liv. Bibelen er likevel tydeleg på at ingen menneske klarar å halde alle desse boda og at det ikkje er mogleg å kome til himmelen ved å vera god på å følgja boda. Boda står der for at eg skal skjønna at eg ikkje klarar det, at eg treng Jesus som tok mi straff på seg. Då han døydd på eit kors, frelste han meg og opna vegen til himmelen.

Når eg har oppdaga dette og innsett at eg ikkje kan bidra noko sjølv til å bli frelst, då kan eg finne fram boda igjen. Då vert dei ikkje lenger ei liste med krav eg må følgje for å bli god nok for Gud. Dei vert ei hjelp til å leve eit godt liv. Ein sjanse til å æra Gud med det eg gjer og seier, i full visse om at når det går gale, så kan eg få verta tilgjeven. Kvar dag er ein ny sjanse til å leva livet til ære for Gud, ikkje for å bli god nok, men som ein takk til han.

Har alle du kjenner forstått dette? Du kan ikkje bidra noko sjølv for å verta frelst, men du kan gjera noko slik at andre får sjansen til å oppdaga dei gode nyheitene!

Dette skjer

Med atterhald om endringar og avlysingar.

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

7.-8. november: Leir 3. klasse
4.-6. desember: Adventsleir 4. klasse
22.-24. januar: Leir 7. klasse
12.-14. februar: Leir 5. klasse
12.-14. mars: Leir 6. klasse
16.-18. april: Ungdomsleir (8.-10. kl)

REFUEL

16.-18. oktober - Lederweekend
30. oktober
13. november
27. november
11. desember - Julebord

Stad: Rong senter

Tid: 19.30–22.30

KRIK

23. oktober
6. november
20. november
4. desember
11. desember - Julebord

Stad: Hjeltefjorden arena

Tid: 19.30–21.30

GOSPELTEENS

20. oktober
3. november
17. november
1. desember
15. desember

Stad: Blomvåg kyrkje

Tid: 18.00–20.00

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga.
E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane.
Ta kontakt om du vil delta frivillig.

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag – lørdag
kl. 07.00–23.00



Asane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet **VIRKE GRAVFERD**

TORSVIK MUR
Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper

Vidar Vik Torsvik murer
Dalekletten 44 5337 Rong
Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com



NORGESHUS NORGESHUS
TH Bhas Bygg Øygarden
Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00

Ønsker du sol hjem?
Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!
Vi forhandler også solariumskrem og -briller
B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Øygarden elektriske as
Tlf.: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

- Tilbygg
 - Nybygg
 - Rehabilitering
 - Montering og utleige av brakker
- Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967
Trelastlager Tjeldstø



• Snitter
 • Varmmat
 • Baguetter

• Koldtbord
 • Koldtallerken

Rong Catering a/s

Tlf. 9185 6258

• Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
 • Moderne bilverksted m EU/kontroll
 • Reparasjon av alle bilmerker
 • V askehall
 • Kaffiavtale
 • Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit

T: 400 30 210

post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

Vi formidler blomster til innland og utland

INTERFLORA

Blomsterbua

Rong senter

Telefon : 56 38 92 65

Postboks 107, 5331 Rong

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabollegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Torsvik ELEKTRO

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bølgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no

SPAR

- ei rein og skjær handleglede ved havgapan!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 7-22 laurdag 9-20

posten trumf Bank i butikk **SPAR Rong tlf. 56 38 71 40**

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700

www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50

VI ER HER. ALLTID.

KIRKENS SOS

22 40 00 40

MORGONMESSER I ADVENTSTIDA

BLOMVÅG KYRKJE

Onsdag 2. desember kl. 06.30

Onsdag 16. desember kl. 06.30

Til lukke

70 år

- 24. okt Kristen Olai Fjeldstad, Grønhaugvegen 26
- 19. nov Arne Andersen, Raudhammaren 282
- 21. nov Inger Alise Holt, Fagrebakkane 10
- 25. nov Leif Jarl Hellesøy, Hellesøyvegen 273
- 26. nov Eli Mathilde Svellingen, Knapphaugen 5
- 26. nov Roald Svellingen, Hellesøyvegen 234
- 27. nov Børge Nils Toft, Tøkjat 5
- 4. des Ingebjørg Solbakk, Straumvegen 2

75 år

- 14. okt Øystein Werner Busch, Utenga 5
- 29. okt Jens Sæle, Neset 6
- 20. nov Kjell Lars Nordøy, Bakkevegen 6
- 23. nov Berit Marta Sture Skjold, Alvøyvegen 380
- 29. nov Grete Tofte Lønningen, Knappevegen 31
- 10. des Reidun Alvild Rong, Haugetunvegen 15

80 år

- 20. okt Berit Tordis Bakken, Ternholmvegen 51B
- 23. okt Kornelius Flåten, Høyen 24
- 16. nov Leif Larsen, Vestrevegen 80
- 17. nov Maria Rasdal, Vardnesvegen 62
- 26. nov Liv Kirsten Rikstad Torsvik, Råkebakkane 17
- 3. des John Nils Strandabø, Hellesøyneet 9A

85 år

- 19. okt Hildebjørg Mathilde Breivik, Breivikvegen 35
- 28. okt Torlaug Myrte Sulen, Methøyen 32
- 12. nov Norvald Kåre Vestheim, Hanelen 40

90 år

- 23. okt Betty Johanna Haugstad, Knarrvikvegen 20

Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

11. okt kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

Gudsteneste v/ Knut Kaldestad. Offer til NLM-Ung. Nattverd.

18. okt kl. 11.00 - Blomvåg kyrkje

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5. klassinger. Offer til kyrkjelydsarbeidet

25. okt kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Utdeling av biblar til 5. klassinger. Offer til TV-aksjonen

1. nov kl. 11.00 - Blomvåg kyrkje

Gudsteneste v/ Knut Kaldestad. Offer til Menneskeverd. Dåp. Nattverd.

8. nov kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til Stefanusalliansen. Nattverd.

15. nov kl. 17.00 - Blomvåg barnehage

Gospelgudsteneste v/ Espen Tveten. Gospel teens deltek. Avslutning for konfirmantleiren. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

22. nov kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

Gudsteneste v/ Espen Tveten. Offer til Opne dører. Nattverd.

27. sept kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Offer til NLA-høgskulen.

29. nov kl. 11.00 - Blomvåg barnehage

Sprell levande gudsteneste v/ Espen Tveten. Utdeling av bibel til 5-åringar. Offer til Stefanusalliansen.

2. des kl. 06.30 - Blomvåg kyrkje

Morgonmesse v/ Espen Tveten

6. des kl. 11.00 - Hjelme kyrkje

Gudsteneste v/ Knut Kaldestad. Offer til Menneskeverd.

Døpte

Blomvåg

- Elias Toft-Ryland, Ågotnes

Hjelme

- Oscar Emil Hellesund, Tjeldstø

Døde

Blomvåg

- Margot Mary Jakobsen, Pålset f. 1927
- Karoline Torsvik, Torsvik f. 1923

Hjelme

- Magnhild Fjeldstad, Tjeldstø f. 1927

Bibeltimar

Nautnes bedehus hausten 2020

Torsdag 22. oktober kl 19.00
Christian Skoge

Torsdag 26. november kl 19.00
Asle Hetlebakke

Etter bibeltimane vert det kveldsmat og samtale.

Hellesøy/Nautnes/
Tjeldstø bedehus

v:pps

Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

Leiropphald på Skjergardsheimen: #75635

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansfeltet dato og kva det gjeld.


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

**Distribusjon i
Hjelme og Blomvåk sokn:**
Hammer transport, tlf. 92063006

**Distribusjon utanfor
Hjelme og Blomvåk sokn:**
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Eit teikn på Guds kjærleik

Vi inviterer til dåp! Gjennom dåpen blir vi ein del av kyrkja, eit fellesskap som strekkjer seg over heile verda.

Dåp skjer vanlegvis i ei vanleg søndagsgudsteneste, eller i ei eiga dåpsgudsteneste.

For informasjon gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap
Ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 400 03 316 eller e-post til post.oygarden@kyrkja.no for påmelding.



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellestråd

Alt har si tid

Me brukar av og til ordtaket «alt har si tid». Det må ein kunne seie om Blom bedehus.



Blom bedehus under riving.

Dette bedehuset låg heilt inn til fylkesvegen på Blom og lett synleg for alle. Det har samla folk om Guds ord i ei årrekke. Det har vore der og med slike hus så tenkjer me at dei vert verande der. Det skal følgje slektene. Tidene er annleis, behova er annleis og forsamlingsbehovet endrar seg. Det er likevel spenstig av forsamlinga å avhende bedehuset slik at ein kunne finne gode løysingar for trafikkisikring i området. Det står det respekt av. Bedehuset på Blom er no rive men forsamlinga har ein ny verestad. Me skal takke dei som reiste bygget og dei som har hatt eit leiaransvar opp gjennom åra. Me skal ta vare på minna samstundes som me skal sjå framover og tenkja like spenstig som dei gjorde som reiste bedehusa våre.



Blom bedehus låg synleg for alle, tett inn til fylkesvegen og minna oss om den kristne bodskapen

Olav Martin Vik, redaktør